



**Det kongelege samferdselsdepartement
Det kongelege kommunal- og moderniseringsdepartement**
Statssekretærene

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20 JUN 2018

17/2170-

Byvekstavtale for Bergensområdet - oppfølging etter første møte i politisk styringsgruppe

Vi vil takke for eit godt første møte i politisk styringsgruppe for byvekstavtale for Bergensområdet 6. juni 2018. Vi oppfattar at alle partane fekk høve til å legge fram forventingane og innspela sine til dei kommande forhandlingane. Det blei lagt gode rammer for det vidare arbeidet, og fleire viktige problemstillingar blei løfta fram. Mange av sakene må no drøftast vidare i administrativ forhandlingsgruppe som blir leia av Statens vegvesen.

Med dette bakteppet kjenner vi oss ikkje igjen i framstillinga som vi såg i media etter møtet. Vi ønsker igjen å understreke at det er sett av ei omfattande økonomisk ramme på 66,4 mrd. kr til byvekstavtalane i Nasjonal transportplan 2018-2029. Midlane er ein del av ei viktig statleg satsing for å støtte opp om handteringen hos lokale styresmakter av arealutvikling, miljøsituasjon og trafikkvekst i samband med den venta veksten i folketalet i dei største byområda. Vi legg til grunn dei lokale arealplanane, og vil medverke slik at det kan byggast infrastrukturløysingar som støttar opp om mest mogleg effektive transportløysingar for innbyggjarane. Vi må derfor samarbeide godt om dei rette grepene for å utvikle gode byar og tettstader der vi ser planlegging av areal, transport og utvikling av gode bymiljø i samanheng.

I Bergen er det venta ein vekst i folketalet på nærmere 20 pst. fram mot 2040. Det er også venta ein omfattande vekst i kommunane rundt Bergen. Ein stor del av trafikken i Bergensområdet er i dag bilbasert. Nullvekstmålet for persontransport med bil inneber at det framleis vil vere mange bilreiser. Men vi må medverke til at veksten i persontransport i byområdet skjer med kollektivtransport, sykkel og gange. Da må det vere enkelt å velje desse transportformene, og arealpolitikken blir eit særleg viktig verkemiddel som må vere del av forhandling-

ane om ein byvekstavtale. La oss understreke at det er trafikkveksten i og mellom regions- entra og Bergen som er hovudutfordringa. Vi må se på transportbehova som eksisterer og velje transportløysingar som er føremålstenlege og realistiske.

I regjeringa si satsing i byområda er vi heilt avhengige av eit konstruktivt og gjensidig forplik- tande samarbeid med fylkeskommunen og dei største kommunane. Vi ønsker at byvekstav- talen skal vere ei god ramme rundt samarbeidet om ei samordna areal- og transportutvikling i Bergensområdet. Byvekstavtalane vil bygge på planar etter plan- og bygningsloven som er vedtekne lokalt. Vi understrekar at det er frivillig å vere part i avtalen, men vi trur at resultata for Bergensområdet vil bli betre når dei største kommunane rundt Bergen er med. Dette gir også kommunane høve til å påverke verkemid- delbruken og fordelinga av midlane.

På bakgrunn av diskusjonane i etterkant av møtet oppfattar vi at det kan vere behov for meir koordinering mellom kommunane for å avklare standpunkt og forventingar inn mot forhandlingane. Departementa stiller seg til disposisjon hvis det er behov for å avklare kon- krete spørsmål. Vi ser fram til ein god dialog i det vidare arbeidet.

Med helsing



Anders Bjørnsen Werp
statssekretær



Aase Marthe Johansen Horrigmo
statssekretær

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland
Jernbanedirektoratet
Vegdirektoratet

Adresseliste

Askøy kommune	Postboks 323	5323	KLEPPESTØ
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Fjell kommune	Postboks 184	5342	STRAUME
Hordaland fylkes- kommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Os kommune - Hor- daland	Postboks 84	5202	OS